

MELAND KOMMUNE

MØTEBOK

Jens Bjordal

Styre, råd, utval, m.v	Møtedato	Saknr.	Sbh.
Komite for kultur og oppvekst	22.10.96	KKO.105/96	JB
Sbh: Jens Bjordal	Ark: 504	9600777	

**REGULERINGSENDRING FOR TIDL. GODKJEND HYTTEPLAN PÅ
SKARPENES - KUNNGJERING OM OFF. ETTERSYN.**

Skriv/fråsegner:

- 1 25.09.96 frå: Meland formannskapsktr.
REGULERINGSENDRING FOR TIDL. GODKJEND HYTTEPLAN PÅ
SKARPENES - KUNNGJERING OM OFF. ETTERSYN.

9600541
504

RBJ

Saksutgreiing:

Planutvalet har grunna innkomne merknader til avgrensa høyring for reguleringsendring for hytteområde på Skarpenes, vedteke å senda reguleringsplana ut på ny høyring i samsvar med Plan- og bygningslova § 27-1.

Plana er og endra ein del i høve til den plana som var sendt ut til avgrensa høyring.

I høve til tidlegare godkjendte plan, er det gjort følgjande endringar:

- 1) To nåverande hyttetomter (bnr. 10 og 16) er omregulert til bustadhus og kan nyttast som heilårsbustadar om ynskjeleg. Areala er og auka slik at dei no grensar mot granneeigedomem i sørvest.
- 2) Det er innregulert to nye bustadtomter merka B1 og B2 på reguleringskartet.
- 3) Gnr. 41 og bnr 78 som tidlegare var definert som våningshus på hovudbruket, bnr. 3 er no regulert til bustadhus.
- 4) Hyttetomt gnr. bnr. 74 er no synt på kartet. Tomta var utegløymt frå tidlegare kart.
- 5) Hyttetomtene 1, 2 og 3 har fått ein del grensejusteringar for å tilpassa tidlegare godkjendte merknader.
- 6) For å få tilkomst til bustadeigedomane er det innregulert ein køyrbar felles veg som følgjer traceen for noverande hytteveg inn i området. Vegen skal berre nyttast av godkjendte bustadeigedomar. Hytteeigarane kan nytta vegen som ga tilkomst som før.

- 7) Arealet for friareal er justert noko i høve til tidlegare plan. Dette friarealet er fellesareal for reguleringsområdet. Mogelege bygging/anlegg i friareala/fellesareala skal godkjennast av både eigar av bnr. 3 og kommunen.
- 8) Det arealet som før var regulert til landbruk, men som ikkje lenger er landbruk, er i staden regulert til friluftsområde. Kravet om våningshus og driftsbygning på garden fell då bort.

Vurdering:

Denne reguleringsplana er ei privat reguleringsplan som tiltakshavar aldri heilt har gjennomført reint planmessig. Dei endringar som no er tatt med i plane er etter ynskje frå tiltakshavar.

Det er og tiltakshavar som har ansvaret for å byggja ut plana og då i samarbeid med brukarane av planområdet og eigedoms-eigarane i plana.

Det er ein føresetnad i plana at alle kulturhistoriske bygg/anlegg vert tatt mest mogeleg vare på.

Det er vidare ein føresetnad at all verdfull vegetasjon som større trær og samanhengande skogsområder vert tatt best vare på og skjøtsla på best mogeleg vis.

Parkeringskapasiteten for planområdet må byggjast ut slik at det vert nok parkeringsplassar både for noverande og framtidige hytter. Utbygginga må skje i fellesskap mellom tiltakshavar og brukarane av området.

Dei bustadane som er innregulert må løysa avlaupet med felles leidning til sjø og med naudsynt rensing.

Særskild søknad må sendast.

Vassforsyning må ordnast med privat anlegg som kan dokumentera nok og godt vatn.

Administrasjonen - framlegg til vedtak:

KKO syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering. Under føresetnad av at dei tilhøve som er nemnd i vurderinga vert teke omsyn til, tilrår komitéen at reguleringsplana vert godkjendte.

KKO vedtak 22.10.1996:

Repr. Reidar Hjertås kom med slik merknad:


KKO meiner at der det står bnr. 10 under pkt. 1 skal stå bnr. 19. Dersom dette er korrekt har KKO ingen kommentar til arealdisponeringa.

Komité for kultur og oppvekst – samrøystes vedtak:

KKO syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering. Under føresetnad av at dei tilhøve som er nemnd i vurderinga vert teke omsyn til, tilrår komitéen at reguleringsplana vert godkjendt.

28/10-96

Rett utskrift <i>Piristi Andersen</i>	Kopi til Meland formannskapskontor Plansjef Roald Bjørndal
--	--



grunneigarar, institusjonar, styrer, råd, utval

96010143
504
B504.41KAS001
H2V

a.k kopi 27/9-96

96010143
B504.41KAS001
504.41

25. september 1996

**REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND HYTTEPLAN PÅ
SKARPENES - KUNNGJERING OM OFFENTLEG ETTERSYN.**

Planutvalet i Meland har i møte 18.09.96 vedteke å leggje framlegg til revidert reguleringsplan og -føresegner for overnemnde område ut til off. ettersyn.

Vedlagt fylgjer reguleringskart (nedfotografert) m/føresegner, samt vedtaket i planutvalet.

Mogelege merknader til planen kan sendast:
Planutvalet i Meland, 5110 Frekhaug, innan 30.10.96.

Med helsing
for **PLANUTVALET I MELAND**

Kari Stople
Kari Stople
sekr.

Vedlegg.

Komit  for kommunalteknikk, milj  og landbruk, h e r
Komit  for kultur og oppvekst, h e r
Komit  for helse og velferd, h e r
Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavd., Litle svn. 49, 5090 Nyborg
Hordaland fylkeskommune, regional utvikling, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, milj vernavd., Valkendorfsgt. 6, 5012 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, kommunalavdelinga, postb. 106, 5001 Bergen
Innlandsfiskeremnda v/Arnt Brakstad, h e r
Nordhordland kraftlag, 5100 Isdalst 
Telenor, Starvhusgt. 4, 5016 Bergen
BKK, boks 383, 5051 Nesttun
Eldrer det i Meland v/Johs. H. Fosse, 5110 Frekhaug
Statens vegvesen, Hordaland vegkontor, postboks 3645, 5033 Fyllingsdalen
Skarpenes veg og parkering v/Terje Hilland, Skarpenes, 5110 Frekhaug

MELAND KOMMUNE

MØTEBOK

Styre, råd, utval, m.v	Møtedato	Saknr.	Sbh.
Planutvalet	12.06.96	PLU.41/96	JHB
Planutvalet	18.09.96	PLU.61/96	JHB
Sbh: Jens H. Bjordal	Ark: 504.41	9600476	

SØKNAD OM REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND
HYTTEPLAN PÅ SKARPENES.

Gnr. 41 bnr. Skarpenes

Skriv/fråsegner:

- 1 30.05.96 frå: Ingrid Eriksen
SØKNAD OM REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND
HYTTEPLAN PÅ SKARPENES.
- 2 21.06.96 frå: Komite for kommunalteknikk, miljø og landbruk
SØKNAD OM REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND
HYTTEPLAN PÅ SKARPENES - SÆRUTSKRIFT AV SAK KML.110/96.
- 3 28.06.96 til: grunneigarar etter liste
REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJENDT HYTTEFELT PÅ
SKARPENES - FOR UTTALE.
- 4 04.07.96 frå: Rigmor H. Tofting og Markvald Tofting
REGULERINGSENDRING AV HYTTEFELT PÅ SKARPENES - MERKNAD.
- 5 08.07.96 frå: Roar Levin
REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND HYTTEFELT PÅ
SKARPENES - MERKNAD.
- 6 09.07.96 frå: Randi og Terje Hilland
REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND HYTTEFELT PÅ
SKARPENES - MERKNAD.
- 7 10.07.96 frå: Harald Holmedal
REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJENT HYTTEFELT PÅ
SKARPENES - MERKNAD.
- 8 12.07.96 frå: Terje Hilland
KOPI AV SKRIV TIL FYLKESMANNEN V/FYLKESKONSERVATOR - KLAGE
PÅ REGULERINGSENDRING PÅ SKARPENES.
- 9 15.07.96 frå: Skarpenes veg og parkering v/T. Hilland
REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND HYTTEFELT PÅ
SKARPENES - MERKNAD.
- 10 25.07.96 frå: Ingrid Eriksen
SØKNAD OM REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND
HYTTEPLAN PÅ SKARPENES - MERKNAD.
- 11 26.07.96 frå: Arne Sveidal
SØKNAD OM REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND
HYTTEPLAN PÅ SKARPENES - MERKNAD.

- 12 29.07.96 frå: Frode Færø
SØKNAD OM REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND
HYTTEPLAN PÅ SKARPENES - MERKNAD.
- 13 30.07.96 frå: Karen M. Strømsø
SØKNAD OM REGULERINGSENDRING FOR TIDLEGARE GODKJEND
HYTTEPLAN PÅ SKARPENES - MERKNAD.
- 14 04.09.96 frå: Ingrid Eriksen
FAM. ERIKSENS SVAR PÅ KLAGER VEDK. REGULERINGSENDRINGAR PÅ
SKARPENES.

Dokument i saka:

- Reguleringsføresegner for tidlegare godkjend plan, sist revidert 27.02.87.
- Vedtak i Meland kommunestyre i sak 090/87 av 09.09.87 - godkjenning av reguleringsplan.
- Vedtak i Meland kommunestyre i sak 011/88 av 27.01.88 - handsaming av klage på reguleringsvedtak i sak 090/87.
- Saksdokument/vedtak i sak PLU.22/94 frå møte i planutvalet av 11.04.94 - søknad om frådelling av parsell til bustad.

Vedlegg nr. PLU.09/96 - utsendt til møte 12.06.96.

Vedlegg nr. PLU.17/96 - vedlegg til handsaming 18.09.96.

Tidlegare vedtak:

Planutvalet i Meland 12.06.96, Saknr : PLU.41/96:

"Saksutgreiing:

Reguleringsplanen for hyttefeltet på Skarpenes vart godkjend med merknader i Meland kommunestyre i sak 090/87 i møte 09.09.87, samt vedtak i klage, sak 011/88 i møte 27.01.88. Dei merknader som kommunestyret gjorde, skulle rettast opp i kartgrunnlaget. Dette har ikkje vore gjort.

Tiltakshavar søkte 08.02.94 om frådelling av bustadparsell i reguleringsområdet.

Denne søknaden vart handsama i planutvalet 11.04.94, sak PLU.22/94. Planutvalet gjorde då følgjande vedtak:

"Planutvalet ser positivt på søknaden om frådelling av bustadtomt.

Slik frådelling kan berre gjennomførast ved at søkjar legg fram privat framlegg for reguleringsendring etter plan- og bygningslovas § 28-1."

Saka vart deretter sendt attende til tiltakshavar.

Etter dette skjedde det ikkje noko før ein mottok brev 30.05.96 frå tiltakshavar, med søknad om reguleringsendring for frådelling av bustadtomt, den same som i brev av 08.02.94, samt framføring av veg til gnr. 41 bnr. 19, som og vert omsøkt endra frå hytte til bustadhus.

I tillegg vert det søkt om ein del arealarronderingsendringar.

Då tiltakshavar har hatt vanskar med å få tidlegare planleggingsfirma til å utføre reguleringsplanendringa, har teknisk etat påtatt seg dette mot betaling for utført arbeid. I dette arbeidet ligg og oppretting av planen i samsvar med tidlegare merknader.

Framlegg til endra plan vil verta lagd fram i møtet.

Vurdering:

Omsøkt planendring endrar ikkje hovudintensjonen i planen. Sidan endringa betyr at attståande landbruksareal ikkje har att våningshus på garden, må det huset eigar av gardsbruket bur i, gnr. 41 bnr. 78, verta regulert til landbruk, og slåast saman med hovudbruket, gnr. 41 bnr. 3.

Administrasjonen ser på endringa som mindre vesentleg, og planendringane kan derfor handsamast etter plan- og bygningslova § 28-1, pkt. 2.

Planutvalet kan då gjere endeleg vedtak om reguleringsendringa, under føresetnad av at eigarar av eigedomar som vert direkte råka, får høve til å uttala seg før endeleg vedtak vert gjort.

Administrasjonen - framlegg til vedtak:

"Planutvalet godkjenner at revidert reguleringsplan med vedtekter for hytteområdet på Skarpenes, d. 23.07.86, sist revidert 10.06.96, vert handsama som mindre vesentleg endring av reguleringsplan i samsvar med plan- og bygningslova § 28-1, pkt. 2.

Planendringa med vedtekter vert å senda alle grunneigarar i området, samt til komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk, med frist for moglege merknader.

Etter at fristen for moglege merknader er gått ut, vil planutvalet gjere vedtak om reguleringsendringa."

PLU vedtak 12.06.1996:

Fagsjef for kommunalteknikk la fram revidert planframlegg i møtet, og orienterte om endringar i planområdet i høve til tidlegare utarbeidd plan.

Planutvalet - samrøystes vedtak:

"Administrasjonen sitt framlegg vart vedteke."

PLANUTVALET 18.09.96:

Saksutgreiing:

Etter at reguleringsplanen har vore sendt til dei impliserte partar, er det kome inn ialt 10 merknader til planen. Merknadene har vore sendt tiltakshavar, som i brev av 04.09.96 har kome med merknader til einsskilde av dei innsendte merknadene.

Hovudmerknaden går på framlegget om å leggje kjørbar veg fram til bnr. 19, som er teke i bruk til heilårsbustad utan løyve.

For å imøtekoma merknad til vegen, har tiltakshavar kome med framlegg om å leggje vegen der felles gåveg til hyttene er innteikna, slik at denne vegen berre kan nyttast som køyreveg for godkjende heilårsbustadar, men som gåveg for hytteeigarane.

Mange av merknadene går også ut på at omsøkt reguleringsendring er vesentleg, og må handsamast deretter.

Ingen har merknad til bustadtomt B1, som eigentleg er årsaka til omreguleringa.

Tiltakshavar ynskjer å dele frå bustadtomt B1 snarast, og har munnleg bede om at denne vert godkjendt før endeleg plan vert godkjendt.

Vurdering:

Framlegget til reguleringsendring er nå retta opp i samsvar med tiltakshavar sine ynskjer.

Tiltakshavar presiserer at sjølv om det her ligg føre ein reguleringsplan, så betyr ikkje det at alle har fri tilgang til areal utanom sin eigen eigedom.

Alle som har etablert tiltak utanom sin eigen eigedom, og som eigar ikkje har godkjendt, ynskjer eigar å fjerne eller å inngå avtalar med.

Dette er eit privatrettsleg spørsmål som kommunen ikkje tek stode til.

Mange har også reist spørsmål om manglande parkeringsplassar.

I reguleringsplanen er det avsett nok parkeringsplassar.

Det er opp til den einsskilde hytteeigar og tiltakshavar å tilretteleggje desse parkeringsplassene slik at parkering kan skje tilfredstillande.

For å unngå spørsmål om våningshus på gard, bør det området som idag er innteikna som landbruk verta regulert til friluftsområde. Dette har vore drøfta med fagkonsulent for landbruk, som ikkje har nokon merknad til det, då heile bruket ikkje er drivverdig og ingen grannar er interessert i tilleggsjord.

Grunna innregulering av veg og endring frå jordbruk til friluftsområde, meiner administrasjonen at endringane er vesentlege, og at planen skal leggjast ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 27-1.

Administrasjonen - framlegg til vedtak:

"Planutvalet viser til overnemnde saksutgreiing/vurdering, og ser endringane av gjeldande reguleringsplan for hytteområde på Skarpenes som vesentlege i høve til plan- og bygningslova § 28-2.

Planutvalet godkjenner at revidert framlegg til reguleringsplan, d. 06.09.96, med føresegner, d. 10.06.96, vert utlagt til offentleg gjennomsyn i samsvar med plan- og bygningslova § 27-1."

PLU vedtak 18.09.1996:

Planutvalet - samrøystes vedtak:

"Administrasjonen sitt framlegg vart vedteke."

Rett utskrift 23/9-96 Kari Støyle	Kopi til Ingrid Eriksen Institusjonar, styrer, råd, utval etter liste Grunneigarar etter liste
---	---

MELAND KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR GNR. 41

BNR. 3 MED FLEIRE - SKARPENES HYTTEOMRÅDE.

Dato for planen: 23.07.1986.
Revisjon : 27.02.1987.
Siste revisjon : 10.06.1996.

I Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

II Området er regulert til følgjande føremål:

1. Byggjeområde
 - a. hytter
 - b. naust/fortøyningsplass
 - c. bustader
2. Landbruksområde
 - a. jordbruk/skogbruk
3. Fellesområde
 - a. felles veg
 - b. felles parkeringsplass
 - c. felles leikeområde/
badeområde

III Med tilvising til §§ 25 og 26 i plan- og bygningslova følgjande føresegner knytta til dei enkelte områda:

1.a. Byggjeområde for hytter

I områda kan det førast opp hytter.

Hyttene skal ha saltak og førast opp som frittliggjande bygningar.

Hyttene skal førast opp i 1 etasje. Kommunen skal bestemme høgda på grunnmur eller pilarar. Dersom pilarane har ei høgde på 0,5 m eller meir, skal opninga i mellom kleast med bord eller på annan passande måte.

Hyttene skal plasserast som vist på plankartet i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal liggja innanfor hytta sine fire vegger. Mindre justeringar av hytta sjø plassing kan gjerast av kommunen.

Hyttene kan førast opp med ei grunnflate på inntil 90 m², overbygd veranda medrekna.

Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på så langt råd er.

1.b. Byggjeområde for naust/fortøyningsplass.

I områda kan det førast opp naust og tilretteleggjast for fortøyning av båtar.

Nausta skal ha saltak og førast opp som frittliggjande bygningar eller som samankopla einingar på inntil 3 naust.

Nausta kan førast opp i 1 etasje og med ei grunnflate på inntil 35 m².

Det kan i området ikkje setjast opp stengsler som hindrar allmenn ferdsel. Eksisterande terreng skal takast vare på så langt råd er.

1.c. Byggjeområde for bustader.

I byggjeområde B1, B2 og B3 kan det byggjast einebustader på innitl 1 1/2 etasje. Bustadene skal ha saltak med takvinkel mellom 27°-35°.

2.a. Område for jordbruk/skogbruk.

I området kan førast opp bygningar med tilknytning til jordbruksdrifta, herunder også våningshus.

Det kan lagast vegar som trengs for utnyttinga av landbruksområdet. Det kan også byggjast sti- og gangvegar frå parkeringsplass fram til område for hytter og naust.

3.a. Felles veg.

Innregulert fellesveg frå parkeringsplass langs reguleringsgrense mot vest, skal nyttast av bnr. 19, bnr. 16 og B1.

Innregulert fellesveg frå parkeringsplass mot aust, skal nyttast som køyreveg for bnr. 3 (bnr. 78) og B2, samt som gåveg for dei andre eigedomane i området.

3.b. Felles parkeringsplass.

Kvar hytte i området har rett til 1 merka parkeringsplass.

For kvar ny hytte som vert bygd, skal det lagast 1 1/2 parkeringsplass. Plassen skal vera ferdig opparbeidd før hytta vert teken i bruk.

3.c. Felles leikeområde/badeområde/friområde.


Området kan nyttast av alle grunneigarar i planområdet.

I området kan førast opp utstyr som har tilknytning til føremålet, til dømes stupebrett og badebrygge.

IV Fellesføresegner.

Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, når særlege grunnar talar for det, gjevast av kommunen innanfor ramma av reglane i plan- og bygningslova og føresegnene til denne.

10.06.96.



GNR/BNR	HYTTE	NAUST	EIER(E)
41/3		X	Ingrid og Ole Erikson
41/5	DIV. BYGN.		Ingrid Erikson
41/7	X		Jensine Hans Skandvik
41/12	X		Jarne Hella
41/13,32	X		Rolf Rasmussen
41/14	X		Børge Høgl
41/15	X		Rolf Gundersen
41/16	X		Per E. Larsen
41/17	X		Abjorn Nilsen
41/18,30	X		Syvfr. I. Karlsen
41/19	X		Paul Abelsen/Tommy Wallen
41/22	X		Carin G. Strømme
41/23	X		Frøde Koro
41/24	X		Ellenor Berntsen
41/25	X		Ragnar og Ragnvald Tofting
41/26	X		Kulbjørn Sjøvren
41/29	X		Ingrid Erikson
41/29	X		Arvid Håkensen
41/40	X		Krist Rasmussen
41/44	X		Erling Skadheim
41/45		X	Frøde Koro
41/46	X		Wenche Willam Espeland
41/48	X		Sigvald og Rikard Hjeltn
41/50	X		Edge Håvald Helland
41/51,55	X		Janne Elisabeth Østgård
41/52	X		Wagner Hansen
41/53	X		Arne T. Svendsen
41/54	X		Thomas Trifing Esp
41/56	X		Thoralf F. Follstad
41/58,68	X		Eider og Paul Hjeltn
41/72		3	Bustad
41/74		Hytte	Dou. Bjørn Fodje

TEGNFORKLARING
PBL § 25. REGULERINGSFORML

1. BYGGESOMRÅDER

- BOLIGER
- Nye-hytter
- HYTTER
- FORRETNINGER, KONTOR M.V.
- INDUSTRI
- OPPFILTE OG ANNEDE
- ALMENNUTVEI FORMÅL

2. LANDBRUKSOMRÅDER

- JORDBRUKSOMRÅDE
- Friluftsområde

3. TRAFIKKOMRÅDER (OFFENTLIG)

- KJØREVEI
- GADE- OG SYKKELVEI/FORTAU
- Felles Veg

4. FRILUFTSOMRÅDER

- PARK, FURVEG, LEKEPlass, Naust
- Furubøya plass

5. FAREOMRÅDER

- RASIFLOM

6. SPESIALOMRÅDER

- BEVARING
- CAMPINGPlass

7. FELLESOMRÅDER

- FELLES AVKJØRE
- FELLES PÅVINGSPlass
- FELLES LEKEOMRÅDE

STREKSYMBOLER M.V.

- PLANENS BEGRÆNSENING
- GRÆNSE FOR REGULERINGSFORML
- BYGGELINJE
- TOMTEGRÆNSE
- ØKSTØTTEDE BEHODS-GRÆNSE SOM OPPHEVES
- FRONTLINJE
- SENTERLINJE REGULERT VEG
- OMRÅDE AV PLANLØST BYGG
- OMRÅDE AV ØKSTØTTEDE BYGG SOM HINGAR I PLANEN
- VANN
- EKS. Stier
- planl. Stier

Skala: 1:1000
 0m 50m 100m

REGULERINGSPLAN/ENDRING MED REGULERINGSBESTEMMELSER FOR
 Hytteplan, Skarpenes
 over gnr. 47 bnr. 3 og 5

Revisjoner: 30.11.19 vs. 4.11.19
 Innv. 2.11.19 vs. 11.11.19

SAKSBEHANDLING I FLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

1. GJØR BEHANDLING I BYGNINGSLOVEN		
UTLEGGING TIL OFFENTLIG ETTERSVAR I TIDSRAMMET		
2. GJØR BEHANDLING I BYGNINGSLOVEN		
SV. TIL OFFENTLIG ETTERSVAR		
3. GJØR BEHANDLING I BYGNINGSLOVEN		
HOMMUNESTYRETS VEDTAK		
STADFESTET AV:		
PLANEN UTFØRT AV: Skjold - Sagrov - Torp + 2	SAK NR.	TEKN. NR.
	3016	0.T